



Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2020



Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Organisasjonskart Kinn kommune.....	4
3.	Økonomi.....	5
4.	Kostnadsfordeling.....	6
5.	Kompetanse.....	6
6.	Miljøretta helsevern.....	7
6.1	Skular og barnehagar.....	7
6.2	Inneklima.....	8
6.3	Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering.....	8
6.4	Badeanlegg, boblebad og badstu.....	8
6.5	Radon.....	8
6.6	Asylmottak.....	9
6.7	Forureining- og støy.....	9
6.8	Solarier.....	10
6.9	Kjøletårn etc, legionella.....	10
6.10	Campingplassar.....	10
6.11	Treningscenter/treningsstudio.....	10
7.	Smittevern.....	11
7.1	Tuberkulosekontrollprogram.....	11
7.2	Pandemiplan.....	12
8.	Folkehelse/samfunnsmedisin.....	12
9.	Plan for 2021.....	13

1. Innleiing

Føremålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune (Kinn kommune frå 01.01.20) har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i kommunaldirektøren sin stab og har kontor plass på Rådhuset i Florø.

Etter kommunesamanslåingar i 2020 har sju kommunar delteke i det interkommunale samarbeidet. Det geografiske nedslagsfeltet for avdelinga er no som i oppstarten i 2013 med ansvar for om lag 60500 innbyggjarar.

Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunane sitt ansvar til innbyggjarane i høve miljøretta helsevern, smittevern og førebyggjande samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.

Arbeidet i 2020 har vore prega av pandemisituasjonen i landet. Smitteverntiltak og reiserestriksjonar har avgrensa vår arbeid. Årsrapporten vil òg syne det. Vi håpar at vi kan snart kan få gjenoppta den aktiviteten vi normalt har ute i kommunane.

Folkehelseavdelinga og Kinn kommune vil takke for godt samarbeid i 2020.

Florø 12. april 2021

Elisabeth Solheim
Leiar Folkehelseavdelinga

2. Organisasjonskart Kinn kommune

Folkehelseavdelinga er organisert i Fag og utvikling i kommunedirektøren sin stab.



3. Økonomi

I tabellen viser vi årsresultat for avdelinga i 2020, som viser eit overskot på kr 316000,-. Dette vert avsett på fond.

Interkommunal Folkehelseavdeling objekt 1343		Budsjett 2020	Rekneskap 2020
10101	Fastløn	2204	2592
10109	Km-godtgjering - grunnlag skatt	0	0
10507	Grunnlag skattetrekk telefon og parkering (har motpost 10509)	0	4
10509	Motpost grunnlag skattetrekk telefon og parkering (motpost til 10507)	0	-3
10901	Pensjonsutgifter	327	0
10902	Pensjonsutgifter KLP	0	353
10907	Kollektiv ulykkes-/gruppelivsforsikring	0	3
10990	Arbeidsgjevaravgift	357	437
11001	Abonnement og faglitteratur	0	3
11205	Velferdstiltak tilsette/brukarar og gaver tilsette	0	3
11404	Trykking/kopiering	0	4
11502	Reiseutgifter og opphald ved kurs/opplæring(ikkje t.reise)	200	0
11601	Køyregodtgjering tenestereiser (oppg.pl.)	0	2
11709	Reiseutgifter tenestereise (ikkje hotellopph. mv.)	0	3
11851	Forsikringar	0	-2
11852	Yrkesskadeforsikring	0	1
11901	Husleige/leige av lokaler	0	50
11951	Dataprogrammer - faste lisenser/kjøp og oppgradering lisenser	0	50
11952	Kontingenter	871	5
12000	Inventar og utstyr	412	0
12402	Service-/support-/driftsavtale It-utstyr og programvare	0	18
13500	Kjøp frå andre kommunar (erstattar eigenprod.)	0	854
14291	Merverdiavgift med rett til kompensasjon	0	5
17100	Sjukelønsrefusjon	0	-31
17291	Kompensasjon for mva	0	-5
17501	Refusjon frå andre kommunar	-3500	-3519
17701	Refusjon/tilskot frå andre	0	-100
19500	Bruk av bunde driftsfond	0	-172
Sum	Interkommunal folkehelseavdeling	871	555
			-316

4. Kostnadsfordeling

Frå 01.01.2020 reduserte Folkehelseavdelinga ramma med 12 % frå 3973000 til 3500000. Avdelinga har på bakgrunn av dette redusert stillingane frå 2,7 til 2,2 årsverk. Sjølv om pandemien har sett begrensingar for drifta, ser vi at denne effektiviseringa var forsvarleg. Etablerte, gode rutiner og system for tilsyn, rettleiing, saksbehandling og oppfølging har bidrege til det. Rådmannsgruppa diskuterte saka i 2019 og 2020 og gjorde grundige vurderingar i førekant av vedtaket.

Kostnadsfordeling i det interkommunale samarbeidet frå 2020:

Kommune	Folketal per 1.1.19	30% likt fordelt mellom kommunane	70% etter folketal	Totalt
Kinn	17822	150000	721098	871098
Høyanger	4091	150000	165526	315526
Askvoll	3038	150000	122921	272921
Fjaler	2770	150000	112077	262077
Sunnfjord	21959	150000	888485	1038485
Bremanger	3705	150000	149908	299908
Stryn	7167	150000	289985	439985
Totalt	60552	1050000	2450000	3500000

5. Kompetanse

Folkehelseavdelinga har i 2020 hatt 2,5 årsverk fordelt på fem personar. Frå 01.09.2020 reduserte vi ytterlegare til 2.2 årsverk, dette er fordelt på fire tilsette.

Avdelinga har brei samansett kompetanse. To sjukepleiarar, ein med vidareutdanning som helsesjukepleiar, ein er intensivsjukepleiar, har vidareutdanning i leiing og rettleiing, samt mastergrad i sjukepleievitskap.

Avdelinga har to legespesialistar i allmenntmedisin. Ein av desse er samfunnsmedisinar og den andre fullfører si utdanning i samfunnsmedisin våren 2021. Tre tilsette arbeider i andre kommunale stillingar innan smittevern, folkehelse og som kommuneoverlege. Dette berikar vårt fagmiljø. Vi ser at samansettinga i avdelinga dekkjer det nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

6. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar.

Arbeidet til Folkehelseavdelinga omfattar tilsyn med faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helse. Dette gjeld både private og offentlege verksemdar og omfattar støy, inneklima, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging av ulukker og skader.

Folkehelseavdelinga er eit forvaltningsorgan som har fått delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

I 2020 har aktiviteten på miljøretta helsevern vore prega av pandemien. Folkehelseavdelinga har likevel saksbehandla fleire kommunedelplanar og reguleringsplanar. Avdelinga har òg delteke i nokre møter kor plansaker vert diskutert og behandla. Det er likevel slik at enkelte kommunar nyttar seg meir av vår kompetanse på området enn andre. På våre årlege møter med kommuneleiinga har avdelinga informert konkret om korleis dette samarbeidet kan føregå. Dette har òg vore tema på rådmannsmøta. Vi har utfordra kommunane om å invitere oss inn til faste møter for å bli tidleg orientert og såleis involvert i saksbehandling i planoppstartsfasen. Vi har òg gjeve uttale på høyringar. Vi har gjeve uttale i plansaker i Askvoll, Sunnfjord, Stryn og Kinn kommune.

6.1 Skular og barnehagar

Alle skular og barnehagar hadde tilsyn etter føreskrift om miljøretta helsevern i perioden frå 2013-2015, med oppfølging i 2016 og 2017. Dei fleste einingane fekk godkjenning etter første tilsynsrunde. Andre tilsynsrunde starta i 2018. Folkehelseavdelinga hadde planlagt å avslutte andre tilsynsrunde på skular og barnehagar i 2020 med tilsyn i Kinn kommune. Vi hadde òg planlagt å besøke einingar i gamle Jølster og Naustdal kommune sidan dei ikkje var med i tilsynsrunden i Sunnfjord i 2019. Grunna Covid19 vart det etter ynskje frå kommunane sett på vent, dette vil bli gjennomført i 2021.

Grunna smittesituasjonen har ein ikkje fått fulgt opp tilsynsrundane med fagdagar. Dette ønskjer ein å gjennomføre når smittesituasjonen endrar seg. Alle kommunane som har vore gjennom tilsynsrunde to har fått tilsendt tilsynsrapport. Rapporten er tenkt som ei hjelp til administrasjon og politikarar i høve prioriteringar av nødvendig større vedlikehald og rehabilitering, evt nybygg.

Ei generell tilbakemelding til alle samarbeidande kommunar etter tilsynsrunde to er at vi erfarer at kunnskapen og kompetansen ute i einingane er betydeleg betre enn då vi starta. Det er utarbeidd forbeta rutiner og system for å følgje opp krav i føreskrift. Vi ser òg at samarbeid internt i kommunane fungerer betre, då både reinhalds-, vedlikehalds- og rutiner for samarbeid med td helsesjuepleiar og PPT er avgjerande for få tilfredsstilt krava.

Vi tenker å fortsette fireårige tilsyn fordi vi ser at behov for informasjon og gjentakning av denne er tilstades. Det er òg utskifting av leiarar og andre tilsette som treng kunnskap om området og vi ynskjer å bidra til det.

Samarbeidet med skular og barnehager fungerer godt og vi opplev å verte tekne godt imot ute i kommunane. Fleire skule- og barnehageleiarar tek kontakt per telefon eller e-post for å be om

faglege råd og rettleiing i førekant og etterkant av godkjenningsrunden og når nye problemstillingar kjem opp. Vi opplev òg at kommunane involverer oss i større grad når det skal planleggast rehabilitering eller ombygging/nybygg. Folkehelseavdelinga ynskjer at kompetansen vårt vert nytta i dette arbeidet.

6.2 Inneklima

Avdelinga gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knytt til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold og materialbruk. Vi har tilsyn med røykebestemmelsar i bygg og serveringsstader som er offentleg tilgjengeleg. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar.

Avdelinga har fått henvendelsar frå fleire kommunar vedrørande inneklima og arbeid med fleire konkrete saker.

6.3 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering

Kartlegging og oppfølging av verksemdar som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier er eit kontinuerleg arbeid. Vi får endringsmeldingar ved flytting av verksemdar, og mange tek kontakt med oss på eige initiativ. Folkehelseavdelinga har per i dag god oversikt over verksemdene som er omfatta av føreskrifta.

Det er likevel ei utfordring å gjere krava kjent for alle verksemdene, spesielt dei som tilbyr tatovering. Vi har følgd opp tre tatoveringsverksemdar i 2020, men det er truleg fleire vi ikkje kjenner til som skulle hatt tilsyn og godkjenning.

På oppfordring frå kommunedirektørar gjorde Folkehelseavdelinga tilsyn hos frisørar og hudpleiesalongar etter Covid-19-føreskrifta og føreskrift om miljøretta helsevern. Tilsynet hadde fokus på hygiene og smitteførebygging av Covid-19 og verksemdene vart utvalt etter ei ROS-vurdering. Vi intervjuar og synfarte salongar i Stryn, Sunnfjord og Kinn. Tilsynet synta at verksemdene driv helsemessig forsvarleg og har gode rutinar for smitteførebygging. Det har òg vore informasjon og rettleiing ut i fleire kommunar.

6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i [Folkehelselova / LOV 2011-06-24 nr.29](#) og i [Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v / FOR 1996-06-13nr.592](#).

Dette gjeld verksemdar eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad.

I 2020 har aktiviteten på området vore låg. Avdelinga har fulgt opp eitt badeanlegg i samband med nyopning og hjelpt til med rutinar for førebygging av Covid-19.

6.5 Radon

Avdelinga har bidrege med informasjon og rettleiing i høve handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar.

Avdelinga har følgd opp arbeidet med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei

einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon.

Radonførekomsten er generelt liten i vårt område, men nokre kommunar og områder har utfordringar der avbøtande tiltak må setjast i verk.

Avdelinga har frå 2013 hatt ei [innkjøpsavtale med Radonlab](#) for levering av sporfilm for radonmåling til kommunane. Denne er no gått ut. I avtalen er det framforhandla ein god pris for kjøp av sporfilm og inneber at kvar kommune årleg kan få tilsendt resultat av målingane. Dette er knytt til gards- og bruksnummer og vil såleis gje ei oversikt over dei geografiske radonutfordringane i kommunen. Alle 13 kommunar som har vore med, og dei som fortsatt er med i samarbeidet, har kunne nytte seg av avtalen. Tilbodet gjaldt alle, både private verksemdar, private husstandar og kommunen. Kommunar og burettslag med større volum (over 10 sporfilm) har fått noko betre prisar enn enkelthustandar. Vår erfaring så langt er at dette tilbodet er lite nytta i kommunane. Strengje innkjøpsavtaler gjer at dersom kommunane er med så forpliktar ein seg til å nytte den inngått avtalen med Radonlab. Denne saka vert drøfta i neste kommunaldirektørmøte.

6.6 Asylmottak

Asylmottak er meldepliktige verksemdar etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Det er eitt asylmottak i vårt nedslagfelt, det vart oppretta i Florø i 2020 og har hatt tilsyn.

6.7 Forureining- og støy.

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørande bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm. Støysaker er ofte saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konfliktar mellom ulike interessegrupper og gjerne med store konsekvensar og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskildpartar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling og er heimla som eit lovkrav.

Kommunane nyttar i større grad vår kompetanse i plansaker der mogleg støyforureining kan vere aktuelt. Avdelinga har behandla fleire slike saker i 2020.

Vi har òg behandla klagesaker. Henvendelsar kjem oftast frå innbyggjarar som klagar på støy og problemstillingane er gjerne knytt til bustader som ligg nær næringsverksemd, hamner og industri.

Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Vi kan føre tilsyn med verksemdar og gjev råd og rettleiing knytt til helserisikovurdering i høve:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv.
- Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdier, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehald i tettbygde strøk

- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrenginngrep på forureina grunn i henhold til Forurensingsforskrifta kapittel 2.

I 2020 har Folkehelseavdelinga behandla nokre saker som omhandlar skadedyr (rotter) og dyrehald i tettbygde strøk.

6.8 Solarier

Solarieverksemder er meldepliktige og Folkehelseavdelinga har tidlegare kartlagt solsenter og verksemder som tilbyr solarium

Folkehelseavdelinga vidareformidlar informasjon frå Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (tidlegare Statens strålevern), og følg opp tilsynskampanjar som vert initiert av desse.

Dei solarieverksemdende som er i drift har gode rutinar og driv helsemessig forsvarleg. Avdelinga har hatt tilsyn på ei ny verksemd i 2020.

6.9 Kjøletårn etc, legionella

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemder i vårt område. Dette gjeld verksemder som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "*Forskrift om miljørettet helsevern*" og "*Forebygging av legionellasmitte- en veiledning, 2012*". Det er gjort ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og fulgt opp med informasjon om meldeplikt og krav om sertifisering hos eit akkreditert tilsynsorgan.

Legionellaførebygging er eitt av tema som er fokusert på tilsyn i skular og barnehagar.

6.10 Campingplassar

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemder som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Folkehelseavdelinga har tidlegare skaffa seg ei oversikt over verksemdene i kommunane. Det er gjort tilsyn på ein campingplass etter klage frå publikum på bekymring rundt reinhald og rutiner for å førebygge smittespreiing av Covid-19.

6.11 Treningscenter/treningsstudio

Treningscenter har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har i 2020 etter ei ROS-vurdering hatt tilsyn hos utvalte treningscenter etter Covid-19-føreskrifta og føreskrift om miljøretta helsevern. Tilsynet hadde fokus på hygiene og smitteførebygging av Covid-19. Vi intervjuar og synfarte treningscenter i Stryn, Sunnfjord og Kinn. Tilsynet synta at verksemdene driv helsemessig forsvarleg og har gode rutinar for smitteførebygging. Det har òg vore informasjon og rettleiing ut i alle kommunane.

7. Smittevern

Smittevern og pandemi har vore ein vesentleg del av arbeidet i avdelinga i 2020. Vi får mange spørsmål og henvendelsar om smittevern generelt og informasjons-/retteleing på området er ein viktig del av vårt arbeid. I tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar har dette alltid hatt – og har framleis stort fokus.

I samband med pandemien i mars 2020 henvende vi oss tidleg til kommunane, rektorar og styrarar og tilbydde vår kompetanse på smittevern og retteleing knytt til dette. Det kom nokre henvendelsar i etterkant av dette. At ikkje pågangen her var større kan tyde på at kommunane har gode system og rutiner på smitteførebygging og handterer dette godt sjølv. Det viser òg igjen i korleis smittetilfeller i ulike kommunar raskt har kome under kontroll.

I dei åra Folkehelseavdelinga har hatt ansvar for godkjenning av skular og barnehagar har smitteførebygging hatt ein stor plass. Handvaskrutiner har vore fast tema på alle tilsyn og i planlegging av nye einingar har «lett tilgjengelege handvaskar» vore påpeikt. Vi trur at vårt arbeid opp i mot skular og barnehagar har vore ein viktig bidragsytar i arbeidet mot pandemien, og at vårt fokus har synt seg å vere rett.

Vi har behandla mange henvendelsar og spørsmål om Covid-19 i Kinn kommune. Det har kome frå skular og barnehagar i stor grad, men òg frå innbyggjarar og næringsverksemdar.

I 2017 vart første retteleingsgruppe for legar i spesialisering i samfunnsmedisin i fylket avslutta. Vår samfunnsmedisinar , som initierte gruppa, starta opp ny gruppe i 2018. Ein har på denne måten og over tid bygd opp den samfunnsmedisinske kompetansen i kommunane, og dette miljøet har vore viktig for handtering av pandemien.

Mal for kommunal smittevernplan er oppdatert i 2019. Malen er å finne på avdelinga si nye heimeside. Denne er tilpassa å kunne leggest inn som deldokument til kommunane sine samla beredskapsplanar.

Kommunane er komne ulikt langt i oppdatering av sitt samla beredskapsplanverk. Det er viktig at smittevernplanen i den enkelte kommune vert integrert i samla planverk.

7.1 Tuberkulosekontrollprogram

Det i løpet av 2019/20 berre gjort mindre endringar i nasjonal Tuberkuloseveileidar og likeins i anbefalt tuberkuloseprogram for kommunane.

Tilstrøyminga av flyktingar har vore begrensa og der er gjort lite nye nasjonale risikovurderingar.

Mal for tuberkulosekontroll er oppdatert med dei nasjonale endringane som er gjort. Mal for tuberkulosekontroll, retningslinjer og linkar til sentrale nasjonale prosedyrer ligg på Folkehelseavdelinga sine heimesider.

Tuberkulosekontrollprogrammet blir gjennomgått i møta med den einsskilde kommune.

7.2 Pandemiplan

Helsedirektoratet kom med utkast til nasjonal mal for kommunal pandemiplan hausten 2019. Det vart då arbeidd med ein felles mal for pandemiplan lokalt.

Dagens pandemi syner at eksisterande planar må endrast vesentleg. Dette arbeidet må startast på nytt når eksisterande pandemi er over.

8. Folkehelse/samfunnsmedisin

Folkehelseavdelinga skal hjelpe kommunane med arbeid på områder som kommunane prioriterer for felles satsing innan folkehelse/samfunnsmedisinsk rådgjeving. Det kan innebere hjelp til å sette felles utfordringar på dagsorden og hjelpe kommunane med tiltak knytt til dette. Det kan t.d. skje ved informasjon/kurs om typiske folkehelseiltak. Hjelp til arbeid med helseoversikt og påverknadsfaktorar er eit anna viktig satsingsområde. Arbeidet må knytast opp til kommunane sine overordna planer og prosedyrar

Folkehelseavdelinga ynskjer å auke kunnskapen i kommunane om fagfeltet og vårt arbeid og har hatt orienteringsmøter om dette med leiinga.

Felles kommunedirektørmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det vart gjennomført eitt møte i 2020. Det er utarbeidd ny samarbeidsavtale med kommunane.

Folkehelseavdelinga er prosjektansvarleg for arbeidet med felles mal for folkehelseoversiktdokumentet, og det har vore eit ynskje frå kommunane at avdelinga fortsatt skal ha denne rolla. Malen som vart ferdigstilt i 2015, er revidert fleire gonger, sist i 2020. Malen er presentert på nettsida folkehelseoversikt.no. Etter siste revisjon såg ein at redigeringsmoglegheitene i WIKI-formatet no er blitt svært avgrensa. Ein må difor finne nye plattformer for presentasjon av Folkehelseoversiktdokumentet. Kinn kommune har valt å nytte Framsikt som presentasjonsplattform framsikt.kinn/samfunnsdelen

Erfaringane frå arbeidet med folkehelseoversiktdokumentet syner at kommunane har behov for å få samla analyserte og vurderte folkehelsedata ein stad. Det var behov for å få kvalitetssikra data som skal nyttast, og såleis lette arbeidet med oppdatering av folkehelseoversiktdokumentet for kommunane, Det har over år vore samarbeid med både Vestland fylkeskommune (VF), Samhandlingsbarometeret (SB) og Høgskulen på Vestlandet (HVL) for å finne moglege plattformer for presentasjon av folkehelsedata. I 2020 har det vore vanskeleg å få til dette utviklingsarbeidet, men både SB og VF har arbeidd med ulike løysingar på sine plattformer.

Folkehelseavdelinga ynskjer dialog med kommunane om nye samarbeidsarena for det vidare arbeidet. Det har synt seg vanskeleg å samle folk til felles diskusjonar, og pandemien sette ein stoppar for samlingar i 2020. Avdelinga har tilbydt seg å komme ut i den enkelte kommune og hjelpe til med dette arbeidet- og bidra med innspel på korleis folkehelse kan koplatt til arbeidet med planstrategi og samfunnsplan. Å få dokumentet implementert i kommunane sine styringssystem; planstrategi og samfunnsplan, årsplan og budsjett er viktig i den strategiske folkehelseplanlegginga.

9. Plan for 2021

- Fullføre tilsynsrunde på skular og barnehagar i gamle Naustdal og Jølster kommune
- Tilsyn på skular og barnehagar i Kinn kommune
- Ajourføre alle avvik på skule og barnehagar
- Gjennomføre fag-/temadagar i kommunane- oppfølging av tilsyna
- Undervisning, rettleiing og tilsyn om smittevern generelt og spesielt i høve til Covid-19. Oppfølging av det overordna smittevernarbeidet i kommunane
- Starte arbeidet med ny mal for pandemiplan
- Hjelp med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar. Fortsette samarbeidet med kommunane om å få samla kunnskapsbaserte og vurderte folkehelsedata.